

Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 1/3

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 19.12.2024 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd, jf. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, vedteken av kommunestyret den 19.12.2019.

ENDRING I MEIRVERDIAVGIFT FRÅ 01.07.2025

Staten har vedteke å redusere meirverdiavgifta på vass- og avløpsstenester frå 25 % til 15 % frå og med 01.07.2025. Dette medfører at det for året 2025 vert nytta to ulike gebyrnivå:

- Satsar gjeldande frå 01.01.2025 til 30.06.2025 er rekna med 25 % meirverdiavgift
- Satsar gjeldande frå 01.07.2025 er rekna med 15 % meirverdiavgift

Dette gebyrregulativet gjeld frå og med 01.07.2025.

Alle gebyrsatsar er oppgitt inkludert meirverdiavgift.

AREALBEREKNING

Bruksareal (BRA) blir rekna ut i samsvar med NS 3940, med dei presiseringane som kjem fram i forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret blir fastsett slik:

	Vatn	Avløp
Bustad/næringsbygg $\leq 75 \text{ m}^2$	4 430,-	3 847,-
Pr. m^2 bruksareal (BRA) $> 75 \text{ m}^2$	59,-	52,-

Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 2/3

ÅRSGEBYR

Abonnementsgebyr

Satsane for abonnementsgebyr er like for næringsbygg, bustader, hytter, naust og andre bygg. Abonnementsgebyret er delt i ein fast del og ein variabel, arealbasert del:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr pr. bueining/brukseining	729,-	3 040,-
Variabelt abonnementsgebyr pr. m ² (BRA) ¹	9,72	4,87

1) Dersom samla BRA på bygg på eigedommen er over 35 000 m² gis det 50 % reduksjon i einingsprisen for vatn og avløp på det overskytande areal.

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret blir fastsett ved målt forbruk eller stipulert forbruk:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris

- Bygg til næringsformål eller offentlege formål skal ha vassmål.
- Bustader, naust og fritidsbustader med godkjent rammeløyve etter 01.01.2020, skal ha vassmål.

	Vatn	Avløp
Einingspris kr/m ³	21,64	29,68

Ved stipulert forbruk = BRA x 1,2 x einingspris

- Forbruket blir berekna til 1,2 m³ per m² bruksareal (BRA).
- Øvre grense er sett til 180 m² (BRA) pr bueining/brukseining.

Døme:

Ein bustad på 120 m² vil etter stipulert forbruk måtte betale følgjande satsar:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr:	729,-	3 040,-
Variabelt abonnementsgebyr: 120 m ² x kr 9,72/4,87	1 166,40	584,40
Stipulert forbruk: (120 m ² x 1,2) x kr 21,64/29,68	3 116,16	4 273,92
Totalt	5 011,56	7 898,32

For slamavskiljarar som er kopla til det offentlege avløpsnettet, er tømmekostnaden inkludert i det årlege avløpsgebyret som er oppgitt i dette regulativet.

Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 3/3

Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar

Dersom abonnenten ikkje les av målareren i tråd med lokal forskrift, og kommunen må gjere avlesinga, må abonnenten betale eit gebyr på kr 1 380,-.

Gebyr for kontroll av vassmålar

Dersom abonnenten eller kommunen meiner at det er behov for å kontrollere vassmålareren eller vassmålarinstallasjonen, må abonnenten betale eit kontrollgebyr på kr 1 380,- pr. gong pr. vassmålar.

Gebyr for plombering, stenging, nyopning av vassforsyninga og mellombels tilknytning

Abonnenten må betale følgjande gebyr ved fråkopling frå det offentlege vassleidningsnettet eller for midlertidig tilknytning:

Stenging: 1 104,-

Opning: 1 104,-

Mellombels tilknytning: 1 104,-

Gebyret skal dekke kostnadene kommunen/ØyVAR har ved stenging og nyopning av vassforsyning.

Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova

Vilkåra for gebyrreduksjon går fram av forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

Årsgebyret skal reduserast med 0,3 % per påbyrja døgn utover det første døgnet.

Vasskiosk

Kjøp av vatn frå vasskiosk: 32,49 kr/m³